



# Ny, midlertidig terminal på Bystasjonen fra 11. april

**PRESSEMELDING**  
07.04.2010

**KONTAKTPERSON**  
Ingrid Dreyer,  
kommunikasjons-  
rådgjevar i Skyss

Tlf. 55 23 91 07  
Mob. 975 00 206

**Busstrafikken på Bystasjonen blir lagt om frå 11. april. Dei fleste sørgåande bussane skal no gå frå ein ny, midlertidig terminal i sørenda av Bystasjonen (mot Nygårdstangen).**

Årsaka er at sørgåande bussar ikkje skal måtte krysse bybaneskinnene når dei svingar ut i Fjøsangervegen.

– For å lette trafikkavviklinga i krysset mot Fjøsangervegen og minske faren for uhell, flyttar vi dei fleste sørgåande bussane til utkøyring sør for skinnegangen, seier Ingrid Dreyer, kommunikasjonsrådgjevar i Skyss.

Busslinjene som blir flytta til den nye terminalen, er følgjande:

**1, 20, 21, 22, 23, 24, 26, 60, 80, 90, 525, 530, 560, 620, 650, 740, 761 og 900.**

Alle andre bussar skal gå som vanleg frå perrongane på nordsida av skinnene.

Den nye terminalen blir tatt i bruk søndag 11. april. Det vil bli godt skilta slik at reisande finn vegen.

## **Skal byggje om Bystasjonen**

Til neste år skal heile bussterminalområdet på Bystasjonen bli ombygd. Då vil bussane få nytt køyremønster i ring, meir likt terminalane i Åsane og Birkelandskrysset. Når reisande mot sør til hausten skal over på Bybanen, vil den midlertidige terminalen i sør bli omgjort til bussparkering og pauseområde for bussjåførar.